

## FAU-møte 16.02.22

Tid	Onsdag 16. februar 2022, kl. 18.00-19.30
Stad	Personalrommet, Utleira skole
Deltakarar	Bente Moholt (rektor), Runar Andreas Lein (1.-trinn), Inger Johansen (2.-trinn), Astrid Vesteraas Thaulow (3.-trinn), Vibeke Leistad (4.-trinn) via Meet), Dag Rune Kvittem (5.-trinn), Anders Abelgaard (6.-trinn)
Fråfall	Ingrid Holden (7.-trinn)

Sak nr	Sak	Ansvar
	<p><b>Rektors kvarter</b> Rektor informerte om aktuelle saker: <b>17. mai:</b> Kommunen har meldt frå om at det blir vanleg 17. mai-feiring i år.</p> <p><b>Innskriving:</b> Denne veka har det vore innskriving for 68 nye førsteklasingar.</p> <p><b>Rekneksapen</b> for 2021 er klar, og det viser eit overskott på 500 000,- kr.</p> <p><b>Tilskott til nye læremiddel:</b> Vi får 1111,- kr per elev i tilskott til nye læremiddel frå kommunen.</p> <p><b>Spørsmål</b> om midlar til etterutdanning i samband med nye læreplanar: Det er per i dag ingen etterutdanningsordningar for fagleg oppdatering i samband med dei nye læreplanane.</p>	Rektor
4/21	<p><b>Kodeklubb</b> Det er snart klart for oppstart av Risvollan kodeklubb. Dag Rune har laga forslag til heimeside med informasjon og har vore i kontakt med både Ristunet og Risvollan bibliotek om samarbeid og ein fysisk plass til å møtast. Ristunet har ikkje kapasitet per i dag, men det har biblioteket.</p> <p>Klubben må organiserast som ei stifting med statuttar frå Lær kidsa koding (<a href="https://www.kidsakoder.no">https://www.kidsakoder.no</a>). Vi treng 4-5 vaksne som kan vera med som frivillige på</p>	Dag Rune Alle

	<p>samlingane dersom vi skal klare å ha samlingar kvar veke.</p> <p>Vi må alle bidra for å verve frivillige. Dag Rune har laga flyers som vi kan dele ut for å rekruttere, og vi kan også bruke frivillig.no. Den som blir med som frivillig, bør ha litt grunnleggande kunnskap om koding, men det blir uansett litt opplæring.</p>	
2/21	<p><b>Samarbeid med Steindal FAU og andre</b></p> <p>Vi reknar med det kanskje blir planlagt eit nytt bydelsmøte no som det ikkje er koronoarestriksjonar lenger. Dag Rune tar kontakt med Pål Wahl i Utleira IL og spør.</p>	Dag Rune
14/21	<p><b>Val av skulefotograf</b></p> <p>Inger har vore i kontakt med Lima foto og forhandla om 3-årsavtale. Dei svara på alle krava våre, så avtale er inngått. Lima har tatt kontakt med skulen og avtalt fotografering for 2022, 2023 og 2024. Vi må sørge for at dei som tar over FAU får informasjon om at ny avtale må inngåast hausten 2024.</p>	Inger
13/21	<p><b>Trafikk ved skulen</b></p> <p>Sidan sist har Vibeke vore i kontakt med FAU ved Singsaker skole om trafikksikkerheitstiltaka deira. Dei har ikkje trafikkvakt, men har ein haldningskampanje kvar haust.</p> <p>Inger har vore i kontakt med Nardo og omegn frivilligsentral, og dei er villige til å bidra til å rekruttere frivillige til å stå trafikkvakt hos oss.</p> <p>Til hausten, ca etter haustferien, skal vi starte opp med trafikkvakt på morgonen, kl 0745 til 0800, og da markerer vi denne oppstarten med ein haldningskampanje. Ordninga skal vare til det blir lyst igjen på morgonen, ca i midten av februar.</p> <p>Vi får denne ordninga og kampanjen inn på årshjulet til FAU. Administrasjonen skal få inn rutine på å sende ut aktuelle trafikkmeldingar for kvar årstid (begrens kjøring, bruk av refleks, oppfordring til å danne gåbussar, sykkel med hjelm, sykkelparkering osv). FAU bør kvart år vera representert på foreldremøtet for skulestartarane i mai for å snakke om både FAU og trafikksikkerheit. Skulen bør sende ut klasselister med adresser slik at foreldra kan danne gåbussar.</p> <p>For å rekruttere frivillige til å stå trafikkvakt skal vi:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- sende ut melding til alle foreldra på Meldeboka etter skulestart i haust</li> </ul>	Alle

	<ul style="list-style-type: none"> <li>- invitere 6./7.-trinn til å inkludere elevane i ordninga (til å stå saman med vaksne)</li> <li>- oppsøke eldretreff og informere og rekruttere, f eks. planlagt bydelsmøte for eldre 25. mai kl 12.00-14.30</li> <li>- fortsette kontakten med frivilligsentralen om bruk av deira kanalar</li> <li>- delta på skulestarts-foreldremøte 31. mai/1. juni</li> </ul> <p>Til slutt diskuterte vi ein idé om å invitere elevar/lærarar på eit trinn til å gjennomføre ei undersøking om denne trafikken ved f eks å telje kor mange bilar er det per dag, og sende ut ei spørreundersøking til foreldra om f eks. køyring til skulen, grunnar til det og haldningar til køyringa. Dette kan vera ein fin måte å integrere ungane i arbeidet med trafikksikkerheit.</p>	
1/22	<p><b>Elevundersøkinga</b></p> <p>Anders har laga ei praktisk oversikt over resultata av elevundersøkinga ved Utleira skole. Anders hadde ein gjennomgang av utvalde interessante funn frå undersøkinga, og vi samtalte rundt interessante tema knytte til dette.</p> <p>Vi vil følge opp resultata og bruke desse som grunnlag for diskusjonar og samtalar med fleire foreldre på eit møte. Vi har ikkje landa på kva slags møte vi vil arrangere enda.</p> <p>Alle kan gå inn og sjå resultata frå undersøkinga her:  <a href="https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistik-k-grunnskole/analysebrett/?Eierform=Alle%20eierformer&amp;Skoleår=&amp;FylkeFilter=&amp;Skole=Utleira%20skole&amp;KommuneFilter=">https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistik-k-grunnskole/analysebrett/?Eierform=Alle%20eierformer&amp;Skoleår=&amp;FylkeFilter=&amp;Skole=Utleira%20skole&amp;KommuneFilter=</a></p>	Anders Alle
	<p><b>Neste møte</b> blir onsdag 2. mars. Sidan sist har vi endra fast møtedag frå måndag til onsdag.</p>	